



**Notat**

Dato: 14.04.2016  
Arkivsak: 2014/21474-33  
Saksbehandlar: jannor

---

Til: Snorre Waage

Frå: Jan Nordø

---

## Klimatilpassing i kommunedelplan for sjø og strandsone i Osterøy kommune. Innspel.

Klimaplan for Hordaland for Hordaland 2014-2030 har strategiar for tilpassing til klimaendringar i kommunane som er relevante for sjø og strandsone:

### *Strategi A: Heilskapleg og langsiktig samfunnsplanlegging*

1. Tilpassing til endra klima skal inngå i relevante regionale planar og i alle kommuneplanar.

### *Strategi B: Kunnskapsutvikling*

3. Bruka ny kunnskap som grunnlag for betre planar, prosjekt og utbygging i fylket.

4. Bruka ny kunnskap som grunnlag for tiltak mot flaum og skred og for betre arrondering av infrastruktur som vegar, bane, straum- og telenett.

### *Strategi C: Betre handtering av overvatn*

5. Nye utbyggingsområde skal i størst mogleg grad ha ei naturleg handtering av overvatn. Eksisterande naturareal skal nyttast til infiltrering.

I klimaplanen er det dessutan vedteke retningslinjer for kommunal planlegging:

1. Klimaendringar må inngå som vurderingstema ved rullering av kommunal og regional planstrategi.
2. Tilpassing til klimaendringar må vurderast både i kommuneplanens samfunnsdel og arealdel.  
Kommunane skal analysere sårbarheita i kommunen og iverksette tiltak som bidreg til å gjere kommunen meir førebudd på framtidas klima.
3. Kommunen bør i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemomsområde for flaum og skred.
4. Planlegging av kystnære område må ta omsyn til havnivåstigning og stormflo.
5. Planlegging skal sikre handtering av overvatn, og dimensjonere avlaup m.m. for framtidig auke i nedbør.

Retningslinene skal leggast til grunn for regional og kommunal planlegging. Framlegg til planar i strid med retningslinene gjev grunnlag for motsegn frå regional planmynde (sjå faktaboks om regionale planføresegner i kapittel 1).

Klima- og naturressursseksjonen (KNS) meiner kommunedelplanen både gjennom konsekvensvurderingar og forskrifter i stor grad er i samsvar med dei føringane som ligg i Klimaplan for Hordaland.

KNS vil særleg framheva kapitlet om samfunnstryggleik der det vert lagt vekt på tilpassing til havnivåstigning inkl. stormflo, auka skredfare og meir flaum i vassdraga. Dei avbøtande tiltaka det er gjort framlegg om, er mykje i samsvar med retningslinene for kommunal planlegging (sjå boksen over) og vil sannsynlegvis ikkje føra til store endringar i risikobiletet.

Det er positivt at kommunen har lagt inn omsynssoner rundt alle vassdrag. I planen bør ein i størst mogleg grad unngå utbygging i aktsemråde for flaum og skred.

KNS saknar tiltak for betre handtering av overvatn. Slike tiltak kan motverka flaum i vassdrag som er særleg nedbygde, t.d. i Lonevåg, og er særleg viktige p.g.a. stor forventa nedbørsauke.

Når det gjeld akvakultur, saknar KNS vurderingar av klimatilpassing. I Nordhordland har næringa dei siste åra vore utsett for rømminger som skuldast vind og påfølgande slitasje på utstyr. Også Osterøy har hatt rømminger. Det kan difor vera eit spørsmål om alle lokalitetane for akvakultur er like godt eigna, ikkje minst når det er venta auka lågtrykksaktivitet og meir vind i framtida.

Vedtakspunkt:

1. Planen må sikra handtering av overvatn slik at ein i større grad kan motverka flaum.
2. Planen bør vurdera lokaliseringa av anlegg for akvakultur opp mot sårbarheit for klimaendringar, i sær meir vind.